

Katalysator for kommunesamanslåing



Illustrasjon av Hamnsundsambandet. Det blå er bruer og fylling. Det raude er undersjøisk tunnel.



Trond Seth er styreleiar i Hamnsundsambandet AS og varaordførar i Haram (Ap)

Hamnsundsambandet.

Hamnsundsambandet AS meiner at det er positivt at det vert satt søkelys på om det er mogleg å realisere Hamnsundsambandet som ein del av eit framtidig kommunesamanslåingsprosjekt. Vi håpar at politikarane i Ålesund, Giske og Haram tek debatten. Visjonane for vår region ligg i innovasjon og nytutvikling, historia vår har brakt oss der vi er no, men vi må vidare. Ein god idé? I fleire reportasjar i Sunnmørsposten har kommunesamanslåing vore drøfta, og

Ålesund ordfører Bjørn Tømmerdal har tatt til ordet for å bygge ei sterk kommune på nordre Sunnmøre. Han har og fremma synspunkt om at kommunar som vil slå seg saman bør premierast. Premien kan være statlige midlar til dømes til Hamnsundsambandet dersom kommunane Haram, Giske og Ålesund slår seg saman. Er det ein god idé?

Prosjektet. Hamnsundsambandet er eit bru- og tunellprosjekt som er under planlegging frå Hamnsund via Store Kalvøy i Haram, til Ålesund og Giske via Valderøytunellen. Ålesund, Giske og Haram kommune har saman med lokalt næringsliv etablert eit aksjeselskap som skal arbeide for å realisere prosjektet. Ei grov kalkyle har prisa prosjektet i storleik 4-500 million krone.

Bu- og arbeidsmarknadsregion.

Dersom vårt område skal styrke seg i kampen om arbeidskrafta, og dersom næringslivet skal vere konkurransedyktig også i framtida er det nødvendig med eit meir effektivt samferdselsnett. Bu- og arbeidsmarknadsregionen må byggast tettare saman, slik at dei maritime industrilokomotiva i Haram, STX Europe og Rolls-Royce Marine, har effektive og gode kommunikasjonar til regionsenteret og flyplassen. Industriselskapa etablerer stadig fleire kompetansearbeidsplassar i Ålesund sentrum.

Kortare transporttid.

Frå Ålesund sentrum gjennom Ellingsøytunellen og Hamnsundsambandet til Brattvåg er det berekna om lag 30 minutt køyring. Langs denne aksen er der over 2000 industriarbeidsplassar. I tilknytning til Nordøyvegen vil ytterlegare arbeidsplassar knytast til aksen, og eit fantastisk område for fritid og friluftsliv vil i tillegg verte tilgjenglig for innbyggjarane i meir sentrale strøk.

Finansiering.

Korleis kan Hamnsundsambandet finansierast er eit av dei store spørsmåla. Det er openbart at køa i Nasjonal Transportplan er altfor lang til at vi kan vente på tur, og det må derfor vurderast alternative finansieringsstrategiar. Samferdsel generelt må prioriterast høgt for å legge til rette for berekraftig utvikling.

Prosjektfinansiering gjennom bompengar, offentleg privat samarbeide (OPS), investeringsfond og gunstige, statlige låneordningar må settast høgt på dagsorden. Bør meir av formuen vår plasserast og investerast i effektiv og kostnadssparande infrastruktur for våre etterkommarar heller enn i det internasjonale finansmarknaden? Kan effektivisering gjennom framtidretta og effektive strukturendringar brukast til å finansiere samfunnsnyttige samferdselsstrukturar? Vil staten legge 300 million kroner på bordet for å realisere Hamnsundsambandet?

Vårt ansvar.

Ein god samferdselsstruktur konkurrerer med andre viktige samfunnsoppgåver. Sjølv om det er ei offentleg oppgåve å bygge vegar, bruer og tunellar nyttar det lite å rope på staten. Vi må sjølve ta ansvaret for egen framtid, og legge til rette for gode løysningar. For

næringsutviklinga på nordre Sunnmøre, vil større og robuste einingar styrke dei bedriftene vi har, og auke moglegheitene for vidareutvikling og nyskaping. Det vil også legge til rette for at Ålesundsregionen vert meir attraktiv og konkurransedyktig for nye etableringar.

Tør politikarane? Det er lite vilje frå sentrale hald til å bruke makt for å oppnå kommunesamanslåing. Då spør det om dei lokale politikarane tør å ta debatten. I den debatten vil lokal tenestestrukturar verte eit sentralt tema. Kan det byggaste sterke og gode relasjonar over dei gamle kommunegrensene? Kan politikarane på tvers av partigrensene legge ein robust plan som står seg over tid, slik at innbyggjarane veit kva dei kan forventa i framtida? Det er ein god idé Ingen utfordringa kan løysast ved å sjå bakover. Framtida vert skapt av modige menn og kvinner som tør å gjere ein forskjell.

God idé.

At Hamnsundsambandet kan være det prosjektet som kan få fart på kommunesamanslåing på nordre Sunnmøre er absolutt ein god ide. Som andre gode idear bør den drøftast og arbeidast vidare med. Det er vi god til på Sunnmøre. Så får vi sjå om resultatet fell i god jord blant våre eigne innbyggjarar og sentrale myndigheiter. Kanskje vi igjen kan skape noko unikt?

Trond Seth
Styreleiar Hamnsundsambandet

Publisert mandag 23. februar 2009 kl. 02:00.